

M Ø T E B O K

for

KONTROLLUTVALET I HAREID KOMMUNE

MØTETID: 28.08.2015 kl. 08.30 – 11.15

MØTESTAD: Hareid rådhus, møterom 1

MØTEDELTAKARAR:

Kontrollutvalet:

Jarl Helmut Schröder (leiar)
Greta Kirkebø (nestleiar)
Hallvard Sæverud (medlem)
Inga Ishild Hareide (medlem)

Vara som møtte:

Modulf Andreas Røyset

Faste medlemer som ikkje møtte:

Linda Haddal Røssevoll

Vest kontroll:

Jostein Støylen (dagleg leiar)

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide (dagleg leiar/revisjonssjef)

Hareid kommune:

Andre som møtte:

Ingen

Møtet var leia av:

Jarl Helmut Schröder

SAKLISTE

SAK 23/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN

SAK 24/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE
MØTE

SAK 25/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

SAK 26/15 MELDINGAR

SAK 27/15 HAREID PARKERINGSSELSKAP AS - STIFTING

**SAK 23/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN**

Forslag til vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Inga Ishild Hareide.

SAK 24/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg:

Møteprotokollen frå møtet den 29.05.2015.

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen frå møtet den 29.05.2015 vert godkjent.

SAK 25/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

Samrøystes vedtak:

Saka vert utsatt til neste møte.

SAK 26/15 MELDINGAR

Meldingar:

1. Innkalling med vedlegg - Generalforsamling Hareid parkeringsselskap AS
2. Protokoll generalforsamling Hareid parkeringsselskap AS
3. Melding om vedtak: Årsmelding for kontrollutvalet 2014
4. Kommunebilde Hareid kommune, grunnlagsdokument for dialog mellom Hareid kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
5. Kommunal økonomi: «Ventetiden er over»
6. Kommunal økonomi: «Skatteinnkrevingen i Norge forblir kommunal – NKK har vunnet frem med sine argumenter»
7. Kommunal rapport: «Bernt svarer: Du har plikt til å forklare deg til kontrollutvalget»
8. Vikebladet vestposten: «Godsterminalen solgt – igjen»
9. Vikebladet vestposten: «Ikkje utan vidare gode barnevern»

Samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

SAK 27/15 HAREID PARKERINGSSKAP AS - STIFTING

Rådmannen var ikkje innkalla, men var til stades. Han bad om å få ordet, noko utvalet gav han løyve til før utvalet starta drøftingane i saka. Etter ei kort stund stoppa utvalet orientering a hans.

Vedlegg:

Udatert notat frå rådmannen, overlevert leiar i kontrollutvalet og sekretariatet den 13.08.2015

Saksutgreiing:**Kva saka gjeld – problemstilling:**

Selskapet sitt styre har gått over fristen i aksjelova § 2 – 18 for registrering av Hareid Parkeringsselskap AS (heretter kalla Parkeringsselskapet) etter stiftinga.

Dette vart retta opp ved at det vart laga nye dokument med nye seinare datoar. Intensjonane med oppretting av selskapet var ikkje endra. Det er snakk om ei forseinking av registreringa i høve lovverket.

Når forseinkinga var eit faktum, ville det har vore best at kommunestyret i ei ny sak fekk høve til å sjølv gjenta og stadfeste sitt stiftingsvedtak frå 18.04.2013, sak 31/13.

Korleis kom saka opp og spørsmål kring habilitet

Leiaren i kontrollutvalet og sekretariatet ved underteikna vart oppmoda av rådmann Grytten til å kome på eit møte der han ville orientere oss om ei sak – det vart ikkje opplyst kva saka gjaldt. Møte vart halde den 13.08.15. På møtet, saman med rådmannen, møtte Annika Brandal. Hennar funksjon i møte vart opplyst som leiar i NMU.

Rådmannen opplyste at årsaka til møtet var at han ønskte å orientere oss (leiaren i kontrollutvalet og underteikna) om mulige feil i samband med stifting av Parkeringsselskapet. Han tok utgangspunkt i eit notat han hadde laga. Han delte ut perm med dokument i samband med stiftinga.

Om leiar i HMU også sto bak det utdelte og ikkje underskrive notatet er ukjent.

Då innhaldet eller saka rådmannen ville orientere oss om var ukjent på førehand, var vårt svar at vi ville ha eit møte med leiaren i styret i Parkeringsselskapet (ordføraren), før vi evt. gjorde meir med saka.

Kontrollutvalsleiaren og sekretariatet konsulterte advokat i saka.

Møte med styreleiaren i Parkeringsselskapet Anders Riise fann stad den 19.08.15. Han hadde desse med på møtet: Bodill Skeide - Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, varaordførar Dag Audun Eliassen, Jon Olav Slettebakk – rekneskapsførar, Lars Elling Bjåstad - innleigd dagleg leiar.

På møtet vart det stilt spørsmål og orientert vedkomande stiftinga av Parkeringsselskapet og dei mulige feila som hadde oppstått. Det vart også teke opp og understreka styremedlemane sin lovfesta inhabilitet i formannskapet og kommunestyret ved saker som gjeld Parkeringsselskapet. Dette inneber då at varaordføraren må «køyre» saker vedkomande Parkeringsselskapet i dei nemnde organa.

Det vart i møtet retta ein del spørsmål til styreleiar Anders Riise. Han fekk spørsmåla også skriftleg, og vart beden om å gi skriftleg tilbakemelding.

Ut frå rådmannen sitt engasjement i saka, bør også hans habilitet/inhabilitet vere viktig å få avklara i det vidare arbeidet. Det vert vist til Forvaltningslova (fvl) § 6.2. Det same gjeld leiar i NMU Annika Brandal.

*«Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; bl.a. skal det legges vekt på om avgjørelse i saken kan innebære særlige fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part»
I fall han er inhabil vert også alle hans underordna inhabile. Jf. fvl. § 6.3*

Det er behandlande organ som avgjer habilitetsspørsmålet, etter Fvl § 6.2

Aktuelle rettsreglar

Aksjelova § 2-8. Melding av selskapet til Foretaksregisteret, første lekk, lyder:

Selskapet skal melde til Foretaksregisteret innen tre måneder etter at stiftelsesdokumentet er undertegnet..»

Plikta til melde eit aksjeselskap til Foretaksregisteret fylgjer også av feretaksregisterloven § 2-1 første lekk nr 1.

Parkeringselskapet var såleis registreringspliktig av same lov sin § 4-1

«Registreringspliktige foretak skal meldes til registeret før næringsvirksomhet begynner.

Etter § 4-2 nr 4 ligg registreringsplikta til *«hvert enkelt styremedlem»*

Verknaden av å sitje over fristar og manglande registrering

Dersom fristane ikkje vert halde, kan selskapet ikkje registrerast. I første omgang vart ikkje selskapet registrert.

- Selskapet får då avgrensa høve til å inngå forpliktelsar. Jf aksjelova § 2-20. Mulige forpliktelsar vil ikkje vere bindande for stiftarane (kommunestyret, treng ikkje lenger vere forplikta til å stå ved teininga av aksjar i selskapet). Evt. forpliktelsar som dei styrande har påført selskapet kan ikkje dyttast over på eit selskap som ikkje kan forpliktast, då selskapet ikkje er registrert. Dette gjeld sjølv om selskapet er stifta.

Aksjelova § 2-20 lyder bl.a.:

«(1) Før aksjeselskap er registrert, kan selskapet som sådant ikkje erverve andre retigheter og pådra seg andre forpliktelser overfor tredjepersoner, enn det som følger av stiftelsesdokument eller av lov

(2) For forpliktelser som er pådratt i selskapets navn før registreringen, og som selskapet ikke hefter for etter første ledd, er de som har pådratt forpliktelsen, personlig og solidarisk ansvarlig når ikkje noe annet må anses avtalt med kreditor. Ved registreringen overtar selskapet forpliktelsen.»

- Selskapet kan ikkje registrerast i meirverdiavgiftsregisteret.
- Tilhøve til Aa-registeret

Evt. reaksjonar

Det vert vist til innleiinga - Kva saka gjeld – problemstilling.

Rådmannen stiller spørsmål i det udaterte notatet om dette er mislegheit eller dokumentfalsk. I dette spørsmål skriv vår advokat:

«For å sikre at registreringspliktige opplysningar blir meldt som forutsatt, er lovens krav absolutt, og reaksjonen er straffeansvar, i form av bøter, jf. foretaksregisterloven § 10-4. Med bakenforliggende eller underliggende forhold kan rammes av andre straffebud iht. annet regelverk. Kap. 18 i straffeloven omhandler dokumentfalsk, noe rådmannen stiller spørsmål om i sitt notat.

Når et uberettiget utfylt dokument er benyttet for å oppnå et rettslig relevant resultat, kan det imidlertid diskuteres om straff i det hele tatt er rimelig, jfr. At loven krever at benyttelsen skal ha skjedd i «rettsstridig Hensigt». Det kan medføre at det etter den alminnelige rettsfølelse anses som urimelig å straffe for en slik feil.

Etter mitt syn er det i saken heller ikke tale om dokumentfalsk, med mer om overskridelse av fullmakt. Det kan ha følger for gyldigheten av de avgjørelser som er tatt. Stillingen blir her et spørsmål om hva medkontrahenten visste når det gjaldt selskapets registrering, jf. Aksjeloven § 2-20. Dette fører det imidlertid for langt å gå nærmere inn her.»

Tilbakemelding frå dagleg leiar i Parkeringsselskapet:

Spm. 1: Var styreleiarvervet som du blei valt til den 18.04.2013 i samsvar med det du på førehand hadde sagt ja til å påta deg?

Eg var godt kjent med kva oppgåver som ville kome i dette vervet sidan eg har sete i styringsgruppa oppnevnt av kommunestyret for oppretting av avgiftsparkering i Hareid i lag med rådmann Bent Arild Grytten, Kristian Fuglseth, og Nils Yngve Nupen. Å sikre at arbeidet som styringsgruppa har lagt ned vidare inn i Hareid Parkeringsselskap AS var hovudgrunnen til at eg sa ja til å sete i eit begrensa tidsrom til selskapet var oppe gå.

Advokaten si vurdering:

Kommunestyret stiftet selskapet den 18.04.2013. Aksjelovens rettsvirkninger trådte samtidig i kraft. Det gjelder ingen klagefrist på slike vedtak.

Ordføreren bekrefter å ha mottatt styrevervet og ledervervet i selskapet og han må antas å ha vært innforstått med hva dette innebar.

Han er derfor tillagt et eget ansvar etter aksjeloven med virkning fra selskapsstiftelsen 18.04.2013. Aksjeloven gjelder fullt ut også for offentlig heleide aksjelselskaper.

Spm. 2: Selskapet hadde ikkje dagleg leiar. Kven satte styret til å sørge for registrering av selskapet?

Styret fekk ikkje ansvar for registrere selskapet. Kommunestyret sette rådmann til å registrere selskapet i PS 31/13. punkt 4.

Advokaten si vurdering:

I et stiftet aksjeselskap har stifteren, i dette tilfelle Hareid kommune, ingen videre oppgaver i egenskap av det å være stifter, dvs. treffe stiftelsesbeslutningen i h.t. de fremlagte stiftelsesforutsetninger som fremgår av stiftelsesdokumentet. Som aksjeeier har kommunen de aksjonærrettigheter som aksjeloven gir aksjonæren. Disse rettighetene må utøves i generalforsamling, og kan ikke utøves utenom. Alle andre forhold ligger under selskapets styre.

Spm. 3: Konstituerande generalforsamling ser ut til å være gjort til ein del av kommunestyret sitt stiftingsmøte, men blei generalforsamlinga datert 20.06.2013 avvikla ved fysisk frammøte slik protokollen syner? Gjaldt det same også for generalforsamlinga i følge protokoll 04.11.2013?

Generalforsamlinga den 20.06.2013 og 04.11.2013 var ved oppmøte.

Advokaten si vurdering:

Et kommunestyre som stifter og aksjeeier kan utfra foranstående ikke legge ansvaret for etterlevelse av aksjeloven til noen som helst.

Det er det kun selskapets egne organer som kan gjøre, men kun innenfor lovens ramme. Hareid Parkeringsselskap AS ble et eget rettssubjekt fra tidspunktet for stiftelsen.

Det er det lovlig valgte styre som har ansvaret også for at formaliteter følges. Det var derfor styreleder Anders Riise sitt ansvar å påse at lovens frister ble holdt, og treffe nødvendige tiltak, eventuelt etter vedtak i samlet styre, om han fant dette nødvendig.

Straks han oppdaget fristoversittelsen, burde han ha lagt saken frem for stifteren påny, redegjort for det passerte og anmodet om at stiftelsesvedtaket ble gjentatt.

Spm. 4: Er det korrekt at fristen for å registrere det selskapet som blei stifta av kommunestyret den 18.04.2013, PS 31/13, utløp 18.07.2013 og kjende du til dette?

Dersom ein definerer den 18.04.2013 som stiftingsmøte er det korrekt at 18.07.2013 er fristen og eg var kjent med det og det vart gjennomført generalforsamling den 20.06.2013 for å tilfredsstillе lovkrava om avståing av revisor. Seinare vart eg i min og rådmann sin ferie gjort kjend med av rådmann at vedtaket av 20.06.2013 ikkje var tilstrekkeleg. Stiftingsdato er etter aksjelova seier i §2.9: **Stifterne skal datere og undertegne stiftelsesdokumentet. Når alle stifterne har undertegnet stiftelsesdokumentet, er aksjene tegnet og selskapet stiftet.** Utifrå dette kan ein drøfte om selskapet fyrst vart gyldig stifta den 02.11.2013 grunna ikkje korrekte vedtekter i henhold til kommunestyrevedtak i PS31/13 som strir med aksjelova, jmf avståing av revisor.

Advokaten si vurdering:

Manglende registrering innen lovens frist medførte verken at stiftelsen av selskapet ble uvirksom eller at de foretatte valg ikke skulle anses gjort. Loven trekker selv opp virkningene av at et selskap lever sitt liv uten å være registrert. Disse virkningene pålegger styret et særskilt ansvar for det alt vesentlige av den virksomhet selskapet forestår uten å være registrert på lovlig måte. Ansvaret er av personlig art. Dette plikter ethvert styre som påtar seg verv å være kjent med.

Spm. 5: Kven burde handla annleis i forhold til forseinkinga?

Denne forsinkinga burde vore unngått og ein burde allereie på eit tideleg stadium ha engasjert anna hjelp frå utanforstående til å registrere selskapet slik det vart gjort rett og ein unngikk å måtte sende ny registrering. Det var og uheldig at tilbakemeldinga kom i ferien og ny generalforsamling var ikkje moeleg å gjennomføre innanfor den korte tida som stod igjen.

Advokaten si vurdering:

Opplysningen om at revisor og regnskapsfører virkelig var informert om at her ikke forelå en stiftelsesbeslutning som gyldig kunne benyttes for å få selskapet registrert trenger en nærmere forklaring. Etter det jeg har forstått har ingen av de nevnte ment å medvirke til å omgå lovens krav om gjentatt stiftelse, dvs. stiftelsesvedtak innenfor lovens frist hos kommunestyret. De kan således ha signert under andre forutsetninger.

Spm. 6: Er du enig i at det var styret sitt ansvar å overhalde aksjeloven sin 3 månads-frist for registrering?

Det var rådmann som skulle registrere selskapet i henhold til vedtak i punkt 4 i PS 31/13 og styret har etter beste evne gjort det som skulle til for å få dette til.

Advokaten si vurdering:

Kommunestyrets vedtak av 18.04.2013 kan etter mitt syn ikke tolkes som fullmakt til å utferdige og signere endrede stiftelsesdokumenter, jfr. de nye dokumentene som Anders Riise har undertegnet.

Spm. 7: Blei styremøte 03.01.2014 reelt avvika?

Styremøte blei reelt avvika på ordførar sitt kontor.

Spm. 8: Kva aktivitetar var det i selskapet frå 18.04.2013 og fram til det blei registrert 03.02.2014?

- Hadde selskapet avgiftspliktig omsetjing og/eller arbeidsgjevaransvar ?
- Kva forpliktingar blei påført på vegne av selskapet i denne perioden?

Det var ingen aktivitet i selskapet på denne tida utanom kostnad til attestasjon av opningsbalanse av selskapet som var på kr 1450,- til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det var ikkje omsetjing og det var heller ikkje arbeidsgjevaransvar knytt til selskapet.

Spm. 9: Blei rekneskapsførar og revisor orientert om bakgrunnen for anmodinga om ny erklæringar?

Rekneskapsførar og revisor var orientert om bakgrunn for anmodning om nye erklæringar.

Spm. 10: Erkjenner ordførar i eigenskap av styrets leiar for parkeringsselskapet at han utferda og signerte grunnlagsdokument for registrering utan å ha rett til det?

Nei., for i henhold til vedtak i kommunestyret i pkt 4 i PS 31/13 fekk eg i oppgåve å signere opningsbalansen og stiftingsdokument når alle andre forhold var oppfylt og styret sitt ansvar blir fyrst gjeldande etter at selskapet er godkjent i føretaksregisteret jmf aksjelova. Ein syner og til generalforsamling av 20.06.2013 og 04.11.2013 som eit tydeleg signal at det har oppstått problem med registreringa av selskapet og at styret har bidrege til å rette opp den manglande registreringa. Som styreleiar har eg følgd opp vedtak i PS 31/13 etter beste evne og meiner at trass i problema som har vore er selskapet no stifta i henhold til vedtaket i PS 31/13.

Avklaring rundt registrering av selskapet med å få det formelle på plass, har ikkje gått utover selskapet eller framdrifta for innføringa på avgiftsparkeringa. Vi har heller ikkje skada eigar av selskapet med ekstra kostnader.

Generalforsamlingsprotokollen i selskapet burde kanskje gått til kommunestyret som referatsak slik at eigarane var orientert., for framtida vil dette bli gjort.

Rådmannen sine oppgåver og ansvar

Det vil, i denne saka, vere vanskeleg å ikkje gå inn i rådmannen sine oppgåver og mynde.

Kommuneloven § 23 omhandlar rådmannen (administrasjonssjefen) sine oppgåver og mynde.

§ 23 nr 1 lyder:

Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjon, med de unntak som følger av lov, og innenfor de rammer kommunestyret eller fylkestinget fastsetter.

§ 23. nr 2 lyder:

Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

Kommunestyret vedtok 18.04.13 i sak PS 31/13 å opprette Parkeringsselskapet. Det går fram i vedtaket pkt. 4 at rådmannen får mynde til å registrere selskapet i føretaksregisteret.

Sjølv om det er styret sitt ansvar å få selskapet registrert i føretaksregisteret, bestemte kommunestyret etter tilråding frå rådmannen, at han skulle ha slikt mynde.

Det kan, ut frå kommunestyrevedtaket, vere grunn til å stille spørsmål også ved rådmannen sin handlemåte i saka og eller mangel på handling for å få registrert selskapet innan tidsfristen.

Det vert også stilt spørsmål om kvifor rådmannen ikkje tok tilhøva kring registreringa direkte opp med sine overordna (formannskapet og kommunestyret) og Parkeringselskapet.

Kva bør skje/ konklusjon

Ein sit igjen med eit inntrykk av at denne saka om for sein registrering i høve fristen har kome opp grunna seindrettigheit i saksbehandlinga vedkomande registreringa av selskapet. I dette avklaring i høve val av revisor – eller ikkje revisor.

Det kjem også fram, jf. spørsmål 8 til ordførar, at det ikkje har vore avgiftspliktig omsetjing i selskapet, og heller ikkje arbeidsgivaransvar eller vesentleg kostnad frå «selskapet vart stifta» den 18.04.2013 og til det vart registrert den 03.02.2014. Det vil seie at det ikkje har vore vesentleg aktivitet i denne tida og selskapet har ikkje teke på seg forpliktingar.

Dette gjer at saka ikkje har nokon stor dimensjon.

Ved god munnleg dialog mellom styreleiar og rådmann ville ein truleg unngått forsinka registrering.

Dersom kommunestyret meiner at leiaren i styret for Parkeringselskapet har gått ut over sine fullmakter ved å setje ny dato på stiftingsdokumentet grunna at 3 mnd registreringsfristen var gått ut, bør kommunestyret ta det ny stiftingsdokument av 02.11.2013 til ettergodkjenning.

Kontrollutvalet

meiner at kommunestyret i utgangspunktet gjorde feil ved å velje revisor. Dette ligg til generalforsamlinga.

Samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret påpeikar at det er styret som er ansvarleg for registrering av selskapet i føretaksregisteret, og beklagar at dette ikkje vart gjort innan fristen.
2. Kommunestyret burde fått tilbakemelding på vedtaket i generalforsamlinga om å avstå frå revisjon for å kunne nytte kommunen sin revisjon som internrevisor.
3. Kommunestyret tek registreringa av Hareid Parkeringselskap AS til vitende.
4. Kommunestyret viser til saksutgreiinga og tek opplysningane til vitende.

Møtet slutt.

Jarl Schröder

Inga Ishild Hareide

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Ordfører

Rådmann

Revisjonen